

**Bebuarar i Sameiget Frekhaug Senter
Havnevegen 3
5918 Frekhaug**

Meland kommune
v/Bjarte Buanes
Postboks 79
5918 Frekhaug

Frekhaug, 20.04.15

**Arbeid Gnr 24, bnr 24 snr. 1 i Meland - Bruksendring av butikklokale
frå blomsterbutikk til solstudio.**

Underteikna representerer eigarane av seksjoner i ovennevnte eigedom, seksjon nr 7, 8, 9, 11, 12, 14 og 16.

Vi som er bebuarar i sameiget reagerer sterkt på at ansvarleg søkjar, byggmester Knut Henanger, ikkje har svart på nokon av breva som er sendt til han.

Vi har etterlyst dokumentasjon mht byggesøknaden, slik at det kan være mogeleg å sende evt. merknader til søknaden om bruksendringa.

Seksjonseigarar her reagerer også på at byggmester Henanger har ferdiggjort prosjektet før søknaden til kommunen blei innsendt. Han har også montert ein reklameplakat på utsida av lokalet.

Plakaten overskrider heilt klart dei 3 m² som er grensa for byggemelding.

Vi krev derfor at det blir sendt byggjesøknad på reklamplakaten med tilhørande nabovarsel.


I grunnboka står eigar av gnr 24, bnr 24, snr 1 oppført med Frekhaug Butikksenter AS. Snr 1 omfattar heile 1. etg. av forretningsbygget. Dersom solstudioet er tenkt som ei eiga eining må det vel her bli snakk om ei reseksjonering av bygget.

Vi etterlyser teikningar av seksjonen. Dersom solstudioet skal vera ubemanna og det skal være adkomst frå fellesarealet, må solstudioet følgja bygget sine stengningstider, som er kvardagar kl. 18.00. Søndagar og heilagdaggar er fellesarealet stengt.

Vi vil kreve at dagens brannforskrifter blir ivareteke, at lokalet blir ei eiga branncelle. Krav til universell utforming, TEK 10 (Byggteknisk forskrift).

Vi voner at det blir lagt til grunn at frist for merknader blir utsett 14 dagar etter at nødvendig dokumentasjon/nabovarsel er motteke.

Med helsing
Bebuarar i Sameiget Frekhaug Senter



Alf-Helge Moldekleiv
Vedlegg: Foto reklameskilt